



Valle Bygg  
Hopsdalsvegen 31 A  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/7629 - 15/6809

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
23.03.2015

## Vedkomande søknad om utvidelse av våningshus på gbnr 54/2 Konglevoll

Administrasjonen syner til søknad om tilbygg til eksisterande våningshus motteke her den 18.11.2014.

### Saksutgreiing

Søknaden gjeld tilbygg til eksisterande våningshus. Omsøkte tilbygg har BYA på 73,5 m2 og BRA på 114,3 m2.

Saka vart sendt på høyring til Hordaland Fylkeskommune den 05.01.2015 og kommunen mottok høyringsuttale den 27.02.2015, sjå vedlegg til dette skrivet.

### Vurdering

Hordaland Fylkeskommune ynskjer at tilbygget skal ha same møneretning som våningshuset, samt dei andre bygningane i området. Samstundet anbefaler dei at det er «lesbart» kva som er ny og gamal del på huset.

### Konklusjon

Administrasjonen er positiv til utvidelse av eksisterande våningshus, mellom anna fordi at eksisterande våningshus er lite etter dagens standard. Men vi stiller oss bak Hordaland Fylkeskommune si vurdering som vist over. Vi kan difor ikkje gjeve løyve til omsøkte tiltak slik det forelegg no.

Vi ber difor om at De set Dykk inn i høyringsuttalelsen frå Hordaland Fylkeskommune og imøtekjem dette med nye teikningar i tråd med deira vurdering.

Dersom De framleis ynskjer å få saka handsama slik den forelegg no ber vi også om ein bekreftelse på dette, i påvente av svar frå Dykk vert saka lagt på vent.

Med helsing



Tor Hegle  
avdelingsleiar byggesak

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Harald Rebnord Valle

Lindåsvegen 1697 5956

HUNDVIN

**Mottakarar:**  
Valle Bygg

Hopsdalsvegen 31 5915  
A

HJELMÅS